

Verda: Sju tankar i mai 2003

Innleiing

Etter kvart som makta sine luftslott skrumpar inn, og dei store mediekonserna svingar mellom komediane og tragediane som verdas politiske klasse steller i stand, er rørslene ustoppelige, under i den store og utvida kjellaren i det moderne og vaklevorne Babels Tårn.

Sjølv om dei bablar er dei i ferd med å vinna attende ordet, og ordet sin eigenskap både som spegel og vindauga. Medan det ovanfrå vert lagt opp til ein individbasert politikk, møter me våre like og andre i verdas kjellar.

Som del av denne rekonstruksjonen av ord som spegel og vindauga, har den Zapatistiske Hæren for Nasjonal Frigjerung teke oppatt dialogen med rørsler og sosiale og politiske organisasjonar verda over. Innleiingsvis, med brør og systre frå Mexico, Italia, Frankrike, Tyskland, Sveits, Den Spanske Staten, Argentina og den Amerikanske Unionen. Det handlar om å utvikla eit felles diskusjonsplan.

Føremålet er ikkje å oppnå politiske og programmatisk avtalar, og heller ikkje å gje seg i kast med ein ny versjon av Internasjonalen. Det handlar heller ikkje om å slå saman teoretiske konsept eller å einsretta forståingar, men å finna og/eller byggja felles diskusjonspunkt. Om lag som å byggja teoretiske og praktiske bilete som vert sett og levd frå ulike plassar.

Som del av denne viljen til å koma saman presenterer EZLN no desse 7 tankane. Det å “forankra” desse i ein horisont av rom og tid betyr for oss ei innrømming av våre teoretiske og praktiske grenser, og framfor alt grensene for den universelle visjonen. Dette er vårt fyrste bidrag til bygginga av eit globalt diskusjonsplan.

Me takkar det meksikanske tidsskriftet *Rebeldía* som har opna sine sider for desse tankane. På same vis takkar me også publikasjonane som i Italia, Frankrike, den Spanske Staten, den Amerikanske Unionen og Latin Amerika gjer det same.

I. Teori

Teorien (og den teoretiske analysen) vert ofte teken for gitt i dei sosiale og politiske rørslene. Imidlertid plar alt det gjevne gøyma eit problem. I dette tilfellet: effektane av ein teori på det praktiske, og den attendeverkande krafta det praktiske har på det teoretiske. Og ikkje berre problemet med teorien, men også problemet med den som produserer teorien.

Eg slår ikkje saman forståinga av “teoretikaren” eller “den teoretiske analytikaren”, med forståinga av “intellektuell”. Denne siste er vidarekomen. Teoretikaren er ein intellektuell, men den intellektuelle er ikkje alltid ein teoretikar.

Den intellektuelle (og derfor også teoretikaren) føler han har rett til å meina noko om rørslene. Det er ikkje hans rett, men hans plikt. Nokre intellektuelle går lengre, og omskapar seg til tankens og handlingas nye “politiske ombodsmenn”, og deler ut titlar som “gode” og “vonde”. Deira “dom” heng saman med deira ståstad, og den staden dei gjerne vil stå.

Me meiner ei rørsle ikkje bør gjengjelda dei dommane den mottek, og på det viset katalogisera dei intellektuelle som “gode” og “vonde”, alt etter korleis dei bedømmer rørsle. Anti-intellektualismen er ikkje meir enn ei dårleg forstått sjølvforsvar, som på sitt vis definerer ei rørsle som pubertal.

Me trur ordet set avtrykk, at avtrykka lagar stiar, og at stiane ber i seg definisjonar og forpliktingar. Dei som forpliktar sitt ord, for eller imot ei rørsle, vert ikkje berre tvunga til å snakka med denne, men må også spissa dette ved å reflektera over rørsles mål. “Kvifor?” og “Mot kva?” er spørsmål

som bør fylgja med ordet. Ikkje for å gjera dette taust, eller skru ned lyden, men for å fullføra det og gjera det gjeldande, det vil seia, for at det som vert sagt vert høyrte av den som bør høyra det.

Å laga teori, frå ståstaden til ei sosial eller ei politisk rørsle er ikkje det same som å gjera det frå akademia. Eg seier ikkje “akademia”, som i vitskapleg nøytralitet eller “objektivitet” (som ikkje eksisterer); men heller for å peika ein stad for intellektuell refleksjon og produksjon “utanfor” ei rørsle. Og “utanfor” tyder ikkje at det ikkje er “sympati” og “antipati” med i biletet, berre at den intellektuelle produksjonen ikkje kjem frå rørsla, men over denne. Slik vurderer og bedømmer den intellektuelle analytikaren gode og vonde, det rette og det feile i rørsler frå fortida og notida, og i tillegg vågar han seg ut på profeti om vegar og lagnader.

Av og til hender det at nokre av analytikarane frå akademia søkjer å dirigera ei rørsle, det vil seia, å få rørsla til å fylgja analytikaren sine merknader. Om rørsla ikkje lenger “lyder”, vert den gjeven opp av akademikaren, og alle “feila” til rørsla skal til sjuande og sist skuldast rørsla sjølv. At den ikkje ser klart det som er så sjølv sagt for akademikaren. Minnetap og løgn går hand i hand (ikkje alltid, det stemmer) hjå skrivebordsanalytikarane. Ein dag seier dei ein ting og spår eit utfall, og neste dag hender det motsette, men analytikaren har mista minnet og går på nytt i gang med å teoretisera, medan han overser det han før har sagt. Og ikkje berre det, i tillegg er han uærleg fordi han ikkje tek seg bryet med å respektera lesarane eller lyttarane sine. Han vil aldri seia: “I går sa eg dette og det hende ikkje, eller det motsette hende, eg tok feil”. Opphengd i “dagsordenen” til media, nyttar skrivebordsteoretikaren høvet til å “gløyma”. I teorien produserer denne akademikaren intellektets svar på junk-food, som ikkje nærer, men berre underheld.

Andre gonger, supplerer ei eller anna rørsle sin spontanitet med teoretikarar frå akademia. Løysinga er då ofte meir ugunstig enn behovstilfredsstillande. Om akademia tek feil, “gløymar” dei, om rørsla tek feil, bukkar den under. Somme gonger ser rørsla etter eit “teoretisk alibi”, det vil seia noko som står opp om og gjev deira praksis koherens, og samstundes hjelper akademia til å forsyna seg av denne. I desse tilfella er ikkje teorien meir enn ei ukritisk rettferdigging, med litt retorikk.

Me trur rørsler bør produsera sine eigne teoretiske refleksjonar (merk: ikkje si eiga rettferdigging). I denne refleksjonen kan ein ta inn det som er umogleg for skrivebordsteoretikaren, det vil seia, den transformerande praksisen til den gjevne rørsla.

Me føretrekk å lytta og diskutera med dei som analyserer og tenkjer teoretisk i og med rørsler eller organisasjonar, og ikkje utanfor desse eller, det som er verre, på bekostning av desse rørsleane. Likevel gjer me vårt beste for å lytta til alle stemmer, ved å leggja merkje til, ikkje kven som snakkar, men kvar det vert snakka ifrå.

I våre teoretiske refleksjonar snakkar me om det me ser som tendensar, ikkje oppgjorte eller fastlagde hendingar. Dette er tendensar som ikkje berre ikkje har vorte homogene og hegemone (endå), men som òg kan (og bør) reverserast.

Vår teoretiske refleksjon som zapatistar plar ikkje vera om oss sjølve, men om den røynda me rører oss i. Og den er, i tillegg, av omtrentleg og avgrensa karakter i tid, i rom, i konsept og i strukturen til desse konsept. Det er difor me tilbakeviser ynskja om universalitet og uendelighet gjennom det me seier og gjer.

Svara på spørsmåla om zapatismen er ikkje å finna i våre teoretiske analysar og refleksjonar, men i våre handlingar. Og, i vårt tilfelle, har handlingane ei sterk moralsk kopling, etikk. Det vil seia, me freistar (riktignok ikkje alltid med hell) ei handling som ikkje berre er i samsvar med ei teoretisk analyse, men som også, og framfor alt, er i samsvar med det me ser på som vår plikt. Me søkjer å vera konsekvente, alltid. Det er kanskje difor me ikkje er pragmatikarar (eit anna vis å seia “handling utan teori og utan prinsipp”).

Avantgarden kjenner seg forplikta til å dirigera noko eller nokon (og slik garderer dei mykje av det same som teoretikarane frå akademia). Avantgarden set seg føre å styra, og arbeider for dette. Nokre er til og med villige til å betala for feila og avsporingane til deira eige politiske yrke. Det gjeld ikkje

akademia.

Me føler vår plikt er å setja i gang, å fylgja, å vera med, å finna og å opna rom til noko og til nokon, oss sjølv inkludert.

Ei rundreise, sjølv om dette berre er ei uttrykksform, mellom dei ulike formene for motstand i ein nasjon eller på planeten, ikkje berre for å skapa bilete av samtider, men i større grad bilete av moglege framtider.

Dei som tek del i rundreisa og dei som er del av undersøkinga, kan finna ut ting som dei som summerer og resterer ved samfunnsvitskapane sine skrivebord ikkje ser eller kjenner til, at vandraren og hans steg er viktige, veit me, men det viktige, framfor alt, er vegen, stien, tendensen. Når det gjeld å antyda og analysera, å diskutera og polemisera, så gjer me det ikkje berre for å få greie på kva som hender og forstå det, men også, og framfor alt, for å søkja å endra det.

Den teoretiske refleksjonen om teorien heiter "Metateori". Vår Metateori er vår handling.

II. Nasjonalstaten og polis

I den døyande tidsplanen til nasjonalstatane, var den politiske klassa dei som hadde vedtaksmakta. Ei Makt som, sant nok, tok den økonomiske, den ideologiske og den sosiale makta med i rekninga, men som haldt fast på si relative autonome stilling i forhold til desse. Denne relative autonomien gjorde at dei kunne "sjå det bortanfor" og leia dei nasjonale samfunna mot denne framtida. I denne framtida, heldt ikkje den økonomiske makta berre fram med å vera mektig, men den vart mektigare.

I politikken kunst var kunstnaren i polis guvernøren, på det tidspunktet ein spesialisert konduktør, kjennar av vitskapane og dei menneskelege kunstformene, inkludert den militære. Styringsvisdomen var rett handtering av Statens ulike styringsreiskapar. Ei større eller mindre vektlegging av ein eller fleire av desse reiskapane definerte regjeringa sin stil. Balanse mellom administrasjon, politikk og maktbruk, eit avansert demokrati. Mykje politikk, lite administrasjon og skjult maktbruk, eit populistisk regime. Mykje maktbruk og ikkje noko politikk eller administrasjon, eit militærdiktatur.

På det tidspunktet i den internasjonale arbeidsdelinga, hadde dei utvikla demokratia Statsmenn (eller kvinner) som leiarar; dei deformerte kapitalistiske landa hadde gorillaer. Militærdiktatura representerte modernitetens sanne andlet: eit dyrisk andlet, fullt av blod. Demokratia var ikkje berre ei maske som gøynde den brutale essensen, dei førebudde også Nasjonane til ei ny etappe der pengane skulle finna betre vekstvilkår.

Globaliseringa, det vil seia verdleggjeringa av verda, er ikkje berre merkt av den digitale teknologiske revolusjonen. Den alltid tilstadeverande internasjonalistiske viljen til Pengane fann verktoy og vilkår for å øydeleggja hindringane som haldt den frå å fullføra sitt arbeid: å erobra heile planeten med sin logikk. Nokre av desse hindringane, grensene og Nasjonalstatane, leid og lid i ein verdskrig (den 4.). Nasjonalstatane møter kvarandre i denne krigen med mangel på økonomiske, politiske, militære og ideologiske ressursar, og, som dei siste krigane og frihandelsavtalane syner, med mangel på juridiske forsvarsverk.

Historia slutta ikkje med fallet til Berlinmuren og samanbrotet til den sosialistiske blokka. Den Nye Verdsordna er framleis eit av måla i slagplanen til pengane, men attende på bana ligg framleis Nasjonalstaten, døyande, medan den ventar på at hjelpa skal nå fram.

Me har sett namnet "Maktsamfunnet" på det styringskollektivet som har fortrennd den politiske klassa frå dei grunnleggjande vedtaka. Det handlar om ei gruppe som ikkje berre har teke den økonomiske makta og ikkje berre i ein nasjon. Meir enn i ei organisk samanliming (etter aksjeselskapsmodellen), vert Maktsamfunnet knytt saman av det å dela felles mål og metodar. Allereie i prosessen med tilbliving og grunnfesting prøver Maktsamfunnet å fylla det tomrommet som står att frå Nasjonalstatane og deira politiske klassar. Maktsamfunnet kontrollerer finansielle

lovar og reglar (og, dermed, heile land), kommunikasjonsmiddel, industri- og handelsselskap, utdanningssentra, private og offentlege herrar og politistyrkar. Maktsamfunnet ynskjer seg ein Global Stat med ei Overnasjonal regjering, men det hjelper ikkje til med bygginga av denne.

Globaliseringa har vore ei traumatisk oppleving for menneskeslekta, ja, men framfor alt for Maktas samfunn. Krumbøygd av krafttaket for å passera, utan hjelp frå nokon, frå bydelane og lokalsamfunna til Hyper-Polis, frå det lokale til det globale, medan den overnasjonale regjeringa vert bygd, søker Maktsamfunnet på nytt tilflukt i ein døydande Nasjonalstat. Nasjonalstaten til Maktsamfunnet har berre ei tilsynelatande kraft som inneheld store delar schizofreni. Eit hologram, det er det som er Nasjonalstaten i metropolane.

Halden saman gjennom tiår som stabilitetens referansepunkt, freistar Nasjonalstaten å slutta å eksistera, men hologrammet heldt seg, næra av dogma som kjemper for å fylla tomrommet som ikkje berre er skapt av globaliseringa, men også merkt på nytt av denne. Verdleggjeringa av verda i tid og rom er, for Makta, noko som aldri sluttar å verta fordøyd. Dei “andre” er ikkje lenger på den “andre” sida, men på alle sider og til alle tider. Og for makta er den “andre” eit trugsmål. Korleis møta dette trugsmålet? Ved å halda opp Nasjonalstatens hologram, og gjera den “andre” til agressor. Var det ikkje eit av argumenta til hr. Bush for krigane i Afghanistan og Irak, at begge truga den nordamerikanske “nasjonen”? Men, sett bort frå “røynda” skapt av CNN, dei flagga som vaier i Kabul og Bagdad er ikkje dei med stripene og stjernene, men dei til dei store multinasjonale selskapa.

I Nasjonalstatens hologram, modernitetens bedrag par excellence, c'est a dire, er “den individuelle fridomen” fange i eit fengsel som ikkje er mindre undertrykkjande fordi det er globalt. Individet er så utviska at ikkje eingong bileta av fortidas “heltar” kan gje individet det minste håp om utmerking. “Self made man” eksisterer ikkje lenger, og, sett at det er utenkjeleg å tala om eit “self made corporation”, så er dei sosiale draumane i drift. Kva er håpet? Å venda attende til disputten langs gata, i bydelen? Nei. Fragmenteringa har vore så ubarmhertig og ukontrollert at ikkje eingong desse minste identitetseiningane held seg stabile. Familien-huset? Kor og korleis? Om fjernsynet kom inn som dronning gjennom hovudinngangen, kom internett som kuppemakar gjennom rifta i cyberspace. I dei føregåande dagane vart nærast kvart einaste hus på planeten invadert av dei britiske og nordamerikanske troppane som okkuperte Irak.

Nasjonalstaten som i dag gjev krav på tittelen “Guds hand” (USA), eksisterer berre i fjernsynet, i radioen, i nokre aviser og tidsskrift... og i kinoane. I draumefabrikken til dei store mediekonglomerata er presidentane alltid intelligente og sympatiske, rettferda triumferer alltid; samfunnet styrtar tyrannen, opprøret er raskt og effektivt mot lovløysa, og “dei levde lukkelege” held fram med å vera den lova endinga på det nasjonale samfunnet. Men i røynda er tinga heilt motsette.

Kvar er heltane frå invasjonen i Afghanistan? Kvar er dei frå okkupasjonen av Irak? Eg vil seia, 11. september 2001 hadde sine heltar, brannmenna og innbyggjarane i New York som arbeidde for å redda ofra frå det messianske delir. Men desse verkelege heltane har ikkje makta bruk for, og difor vart dei raskt gløynde. For makta er “helten” den som erobrar (det vil seia øydelegg), ikkje den som reddar (det vil seia, byggjer). Biletet av brannmannen dekt av oske, arbeidande mellom dei gruslagde tvillingtårna i New York, vart bytt ut med biletet av krigstanksen som drog ned statuen av Saddam Hussein i Bagdad.

Det moderne polis (eg brukar termen “polis” i staden for “byen” for å understreka at eg viser til eit urbant område med økonomiske, ideologiske, kulturelle, religiøse og politiske relasjonar) har berre att frå det klassiske polis (Platon), det overflatiske og lettsindige biletet av sauane (folket) og gjetaren (leiaren).

Men moderniteten mista heilt den forstanden som kjenneteikna det platonske biletet. No dreiar det seg om eit industrielt kompleks: nokre sauar vert dårleg klyppa, medan andre ofrar seg for å få mat, dei “sjuke” vert isolerte, eliminerte og “brende” for at dei ikkje skal smitta dei andre.

Nyliberalismen har vist seg som den effektive administrasjonen av denne blandinga mellom slaktehus-inngjerding som polis er, men med budskapet om at effektiviteten kunn er mogleg ved å bryta grensene til polis og utvida dei (det vil seia, ved invasjon) til heile planeten: Hyper-Polis.

Men det betyr at “administratoren” (leiar-gjetaren) har vorte gal og bestemt seg for å ofra alle sauane, trass i at eigaren ikkje kan eta alle... og trass i at det ikkje vil vera fleire sauar att å klippa, eller å ofra i morgon. Den gamle politikaren, han frå i går (og eg refererer ikkje til han frå “før Kristus”, men til han frå slutten av det 20. hundreåret), spesialiserte seg på å halda ved like vilkåra for vekst i flokken og at det var sauar til det eine og det andre, og, i tillegg, at sauane ikkje gjorde opprør.

Ny-politikaren er ikkje lenger ein danna “gjetar”, men ein idiotisk og ignorant ulv (som ikkje eingong gøymer seg i fåreklede), han er nøgd med å eta den delen av flokken som fell til han. Han har gløymd sine fundamentale oppgåver. Tilveksten vil ikkje venta med å forsvinna... eller med å gjera opprør.

Er det mogleg å tenkja seg at det dreiar seg om ikkje er å “humanisera” inngjerding-fabrikk-slaktehuset til det moderne polis, men å øydeleggja denne logikken, riva av fåreklede og, utan sauar, oppdaga at “gjetar-slaktar-klypparen” ikkje berre er ubrukeleg, men forstyrrande?

Logikken til Nasjonalstatane var (grovt sett): ein polis-by veks saman med eit territorium (og ikkje omvend), ein provins veks saman med ei rekkje polis, ein nasjon veks saman med ei rekkje provinsar. Ergo, polis-byen var grunncella i Nasjonalstaten, og Polis-Hovudstaden tvang sin logikk på resten av polisa.

Då fantes det ei form for felles sak, eit eller fleire element som lima saman denne Polis i seg sjølv, på same vis som det var delar som haldt saman Nasjonalstaten (territorium, språk, pengar, juridisk-politisk system, kultur, historie, etcetera). Desse elementa har forvitra og vorte sprengde (i mange tilfelle ikkje på figurleg vis) av globaliseringa.

Men, kva med polis og den noverande ødslinga (nesten mot utsletting) i Nasjonalstaten? Og, kva kom fyrst? Polis eller Nasjonalstaten? Ødslinga hjå den eine eller hjå den andre? Det er uvesentleg, iallfall i forhold til det eg no seier. Dersom fragmenteringa (og til slutt, tendensen mot forsvinninga) til Nasjonalstaten skuldast fragmenteringa til polis eller vice versa, er det ikkje det eg snakkar om.

På same vis som i Nasjonalstaten, har limen som haldt Polis saman vorte vaska bort. Kvar einskild polis er ikkje meir enn ei uordna og kaotisk fragmentering, ei overordning av polis som ikkje berre er ulike seg imellom, men som også, ikkje så få gongar, er motsetnader.

Pengane si Makt krev ein spesiell plass som ikkje berre skal spegla makt og velstand, men i tillegg gje vern mot dei “andre” polisa som ligg rundt denne (dei polisa som høyrer til dei “andre”), og som “trugar” den. Desse “andre” polisa er ikkje identiske med dei barbariske samfunna frå fortida. Pengane sin polis prøver, i redsla for dei “andre”, å inkorporera desse i eigen logikk og i egne behov.

Der det før var ein Nasjonalstat (eller der det vart krangla om ein), der er det i dag ei uordna opphoping av polis. Polisa til Pengane ”husar” Maktsamfunnet. Likevel, der det før var eit juridisk og institusjonelt system som regulerte det interne livet til Nasjonalstatane og forholdet mellom dei (den internasjonale juridiske strukturen), er det ikkje noko no.

Det internasjonale juridiske systemet er gamaldags, og plassen til dette vert i dag fylt av det spontane “juridiske” systemet til Kapitalen: den brutale og ubarmhjertige konkurransen med eitkvart middel. Eit av dei, krigen.

Kva er dei offentlege tryggleiksprogramma i byane, om ikkje dei vernar dei som har alt mot dei som ikkje har noko? “Mutatis mutandi”, dei nasjonale tryggleiksprogramma er ikkje lenger nasjonale, mot andre nasjonar, men mot alt og på alle stader. Biletet av byen som er omslutta (og truga) av

belte av misere, og biletet av nasjonen som er truga av andre land, har byrja å endra seg. Fattigdomen og misnøya (desse "andre" som ikkje sjølve veit kor tid det er høfleg å forsvinna) er ikkje lenger i periferien, men kan sjåast i nesten alle delar av urb'ane... og i landa.

Det eg peikar på er at "omorganiseringa" av desse fragmenta, "dei andre", som vert praktisert av regjeringane i polisa, som opplæring og "trenoing" til den nasjonale omordninga, er fånyttas. For det dreiar seg, meir enn om å omordna, om å isolera dei "skadelege" fragmenta og minska den effekten deira klager, kamp og motstand kan ha på pengane sin polis.

Dei som styrer byen administrerer berre fragmentomorganiseringsprosessen i polis i påvente av å gå over til å administrera den nasjonale fragmentomorganiseringsprosessen.

Privatiseringa av rommet i byane er ikkje meir enn frykta som forgrip seg på sine egne prioriteringar. Polis har endra seg til eit anarkisk rom av øyer. "Samlivet" mellom dei få er mogleg på grunn av frykta dei har for den "andre". Leve dei private vegane! Dei private koloniane vil halda fram, byane, provinsane, nasjonane, verda... alt privatisert, det vil seia, isolerte og verna mot den "andre". Men den rike naboen vil heller ikkje bruka lang tid på å verta ein "annan".

Det atomkrigen gjorde, kan selskapa gjera. Øydeleggja alt, inkludert det som gav dei rikdomen.

Ei verd utan plass til ei einaste verd, ikkje eingong den verkelege. Det er dette som er prosjektet til det Hyper-Polis som no stig opp frå ruinane til Nasjonalstaten.

III. Politikken

No finnes det ikkje nasjonale saker som held saman polisa, nasjonane, samfunna? Eller finnes det ikkje lenger politikarar som er i stand til å bera fram desse sakene? Politikkens lave popularitet inneheld noko meir enn dette: den inneheld ein del hat og sinne. Den vanlege borgar går, tendensielt, frå likegyldigheita andsynes fiksfakseria til den politiske klassa, mot ei forakt som heile tida krev nye "uttrykksformer". "Tilveksten" set seg imot den nye logikken.

Fortidas politikar definerte den felles arbeidsoppgåva. Den moderne politikaren prøver det same, og feilar. Kvifor? Kanskje fordi han sjølv har gjort forarbeidet til eige vanry, og, heller enn å prostituera ei sak, har prostituert eit yrke.

I mangel på ei røynd som referansepunkt, har den moderne politiske klassa forma seg sjølv utifrå eit hologram som ikkje er like stort som måla den set seg, men like stort som den noverande planen: den som styrer ei lita bygd har ikkje slått ifrå seg å styra ein by, ein provins, ein nasjon, heile verda, det er berre det at i dag gjeld småbygda... og ein må venta på det neste valet for å kunna ta det neste steget.

Om Nasjonalstaten før kunne "sjå det som låg utanfor rekkjevidde", planleggja dei naudsynte omstenda for at kapitalen skulle reprodusera seg "in crescendo" og hjelpa den å koma over sine periodiske kriser, hindrar den noverande øydelegginga av dei fundamentale basane til Nasjonalstaten den frå å fullføra denne oppgåva.

Den sosiale "båten" er i drift, og problemet er ikkje berre mangelen på ein dyktig kaptein, for roret er stole, og det er ikkje å finna nokon stad.

Om pengane var dynamitten, var rivingsoperatørane politikarar. Ved å øydeleggja fundamenta til Nasjonalstaten, øydela den tradisjonelle politiske klassa også sitt eige alibi: dei allmechtige politiske atletane ser no forundra og vantru på kvarandre... ein dum handelsmann, utan nokon kunnskap om Statens kunstar, har ikkje eingong overvunne dei, men heilt enkelt teke over deira plass.

Denne tradisjonelle politiske klassa er ute av stand til å byggja oppatt fundamenta til Nasjonalstaten. Lik ein rovfugl er den nøgd med å nærja seg av avfallet til statane, og den et fôret sitjande i gjørma og blodet som imperiet til pengane er bygd på. Pengane sin Herre veks seg tjukkare medan han

ventar ved bordet...

Marknadsfridomen har vore gjennom ei forferdeleg endring: no er du fri til å velja kva kjøpesenter å reisa til, men butikkane og merkja er dei same. Den opphavlege falske fridomen i vareomsetjinga sitt tyranni, "fritt tilbod og fri etterspurnad", har smuldra opp.

Fundamenta til det "vestlege demokratiet" har vorte sprengde. På ruinane vert det gjennomført kampanjar og val. Fyrverkeriet i valkampanjane skin svært høgt, så høgt at det ikkje eingong klarar å kasta litt lys over ruinane som dekkjer det politiske yrket.

På same vis har ryggrada til regjeringsyrket, Statens Vilje, slutta å styra, no er det Marknadsfornufta som held dei politiske taumane. Kvifor hyra politikarar, om markedologane forstår den nye logikken til Makta betre?

Politikaren, det vil seia statens profesjonelle, har vorte erstatta av den administrerande direktøren. Slik misser Statens visjon forstand i visjonen til maknadsteknikken (den administrerande direktøren er ikkje meir enn arbeidsformann frå fortida, som "trur" hardt og fast at selskapets suksess er hans eigen suksess) og horisonten krympar, ikkje berre i avstand, men også i utbreiing.

Dei folkevalde lagar ikkje lenger lovar, den oppgåva tek hjelparane og rådgjevarane sin "lobby" seg av.

Foreldreause og enkjemenn, dei tradisjonelle politikarane og deira intellektuelle dreg seg i håra (dei som framleis har), og prøver på nytt og på nytt nye alibi som dei byr fram på idémarknaden: det er nyttelaust, der er det overflod av seljarar og det finnes ikkje ein einaste kjøpar.

Å ty til den tradisjonelle politiske klassa som "alliert" i motstandskampen er ei god øving... i nostalgi. Å venda seg mot ny-politikarane er eit symptom på schizofreni. Der oppe er det ingenting som kan gjerast, om det ikkje er om å gjera å satsa på at det kanskje kan gjerast noko.

Det er den som vier seg til å førestilla seg at roret framleis finnes og kringla om det. Det er den som leiter etter roret, sikker på at det vart liggjande ein eller annan stad. Og, det er den som av ei øy lagar, ikkje eit tilfluktsrom for eiga nytte, men ei flåte, slik at ei øy kan møtast med ei anna øy og ei anna og ei anna...

IV.Krigen

I det postmoderne stresset til Maktsamfunnet, er krigen divanen. Døden og øydeleggingas katarsis lindrar men kurerer ikkje. Dagens kriser er verre enn dei i fortida, og med dei fylgjer den radikale løysinga som Makta byr fram, krigen, som også no er verre enn dei i fortida.

No, den største svindelen i historia til menneskeslekta, globaliseringa, har ikkje eingong nok takt og tone til å rettferdiggjera seg sjølv. Tusenvis av år etter at ordet vaks fram, og med det, den argumenterande fornufta, har styrken nok eingong teke den avgjerande og bestemmande posisjonen.

I historia til grunnlegginga av Makta, har det menneskelege samlivet vorte til sameksistens. Og det er i krig. Det dominerande/dominerte paret definerer no verdas fellesskap, og gjev seg ut for å vera det nye kriterium for "humanitet", også for dei mest spreidde fragmenta av det globale samfunnet.

Det tomrommet som Statens menn let etter seg vert fylt, i hologrammet til Nasjonalstaten, av administrerande direktørar og arbeidsformenn; men som fylgje av den tydelege ordren frå kapitalen, kan militante i selskapa (ein ny generasjon som ikkje berre les og brukar Tzun Tzu, men som også har dei materielle ressursane som skal til for å gjennomføra sine forflytningar og manøvrar) inkorporera den militære krigen (for å skilja den frå dei økonomiske, ideologiske, psykologiske, diplomatiske krigar osb.) som eit nytt element i sin marknadsstrategi.

Marknadens logikk (alltid meir vinning og til einkvar pris) legg seg oppå den gamle krigslogikken (øydeleggja stridskapasiteten til motstandaren). Den internasjonale lovgjevinga uroar dermed, og

bør verta ignorert, eller øydelagt. Dei sannsynlege rettferdiggjeringane sin tidsalder er over. No vert det ikkje eingong lagt vekt på dei “moralske”, inkludert dei “politiske”, rettferdiggjeringane til krigen. Dei internasjonale organa er ubrukelege og kostbare monument.

For Maktsamfunnet kan mennesket vera anten klient eller delinkvent. For å dyrka fram den eine og rydda ut den andre, gjev politikaren lovleg andlet til den ulovlege valden til Makta. Krigen har ikkje lenger bruk for lovar som “rettferdiggjjer” eller “garanterar” den, det er nok med politikarar som erklærer den og skriv under på ordren.

Om regjeringa i USA har teke på seg rolla som “Politi” i Hyper-Polis, må ein spørja seg om kva orden dei ynskjer å bevara, kva eigedom dei bør forsvara, kva kriminelle dei bør sperra inne, og kva lov som gjev samanheng og balanse til deira handlingar. Det vil seia, kven dei “andre” er for dei som Maktsamfunnet bør forsvara.

Det finnes ikkje verre general til å styra ein krig enn den militære, og difor var dei store generalane i fortida, vinnarane i krigane (ikkje dei som utkjempa kampane), politikarar, Statsmenn. Men, om det ikkje lenger finnes slike, kven er det då som leier notidas kamp om erobringa av verda? Eg tvilar på at nokon, ved sans og samling, kan halda fast på at det var Bush eller Rumsfeld som leidde krigen i Irak.

Altså, anten er dei militære dei som styrer eller så er dei ikkje militære. Om dei er det, vil resultatet syna seg om litt. Den militære er ikkje nøgd før han totalt har øydelagt sin motstandar. Totalt, det vil seia, ikkje overvinna motstandaren, men pulverisera, avslutta, utsletta han. Slik er kriseløysinga berre preludiumet for ei endå større krise, for ei skrekk som det er umogleg å skildra med ord.

Om det ikkje er dei militære, kven er då leiarane? Selskapa, kunne det ha vorte svara. Men desse har logikkar som set seg over individa sine logikkar, og styrer desse. Som eit vesen med eige liv og intelligens, lærer selskapet sine medlemmer å dra i ei viss retning. Kva retning? Vinninga si retning. Med denne logikken, trekkjer pengane mot den staden der det er best forhold for rask, aukande og kontinuerleg vinning. Dei trekkjer altså dit det er minst og dit det er mest? Ja, selskapet trekkjer, tendensielt, imot eit anna selskap.

Vil krigen i Irak løysa krisa som dei store selskapa er konfrontert med? Nei, i alle fall ikkje med ein gong. Den distraherande effekten ein konflikt har på håpet til Nasjonalstaten-Som-Prøver-Å-Verta-Overnasjonal, varar like lenge som eit fjernsynsinnslag.

“Me har vunne i Irak”, vil innbyggjarane i USA seia, “og kva no? Ein ny krig? Kvar? Er dette den nye verdsorden? Ein krig alle stader til alle tider, berre avbroten av reklameinnslag?”

V. Kulturen

Kraftlaus på krigens divan blandar Maktsamfunnet sine kompleks og sine spøkjelse. Desse har mange namn og mange andlet, men ei vanleg nemning er: “den andre”. Denne “andre” som før globaliseringa var langt unna i tid og rom, men som den uordna konstruksjonen av Hyper-Polis har innlemma i sin “backyard”, i hagen til Maktsamfunnet.

Kulturen til den “andre” omskapar seg til den hata spegelen. Ikkje fordi den speglar makta med sitt umenneskelege andlet, men fordi den fortel historia til den “andre”. Den som er ulik, den som ikkje berre ikkje er avhengig av “egoet” til makta, men som også har si eiga historie og glans utan eingong å ha lagt merkje til dette “egoet” eller sett det for seg i framtida.

I Maktsamfunnet, er uhellet til mennesket i samliv, i sitt kollektive vesen, løynd bak suksessen til individet. Men denne siste, held i sin tur løynd at denne suksessen er mogleg på grunn av øydelegginga av den andre, det kollektive vesen. Gjennom tiår, i Makta sin fantasi, har det kollektive hatt rolla til den vonde, vilkårlege, sinte, grufulle, uforsonlege. Den “andre” er andletet til opprøraren Luzbel i den nye bibelen til makta (som ikkje preikar forløysinga, men underkastinga), og det er naudsynt på nytt å kasta han ut av paradiset. I rolla som det brennande sverdet, “the smart

bombs”.

Andletet til den andre er kulturen, der er skilnaden. Tungemål, tru, verdiar, tradisjonar, historier, dannar den kollektive kroppen i ein Nasjon, og tillet denne å skilja seg ut frå andre, og, med grunnlag i denne skilnaden spela saman med andre. Ein nasjon utan kultur er eit vesen utan andlet, det vil seia, utan auger, utan øyrer, utan nase, utan munn... og utan hjerne.

Å øydeleggja kulturen til den “andre” er det mest effektive middelet for å eliminera denne. Plyndringa av dei kulturelle rikdomane i Irak var ikkje eit resultat av mangel på aktsemd eller mangelen på interesse frå okkupasjonsstyrkane. Det var endå ei militær handling innanfor krigens plan.

I dei store krigane brukar dei store tyrannane og folkemordarane ekstra krefter på den kulturelle øydelegginga. Likskapen mellom Hitler og Bush sin kulturfobi kjem ikkje av at dei har synt dei same symptoma på galskap. Likskapen ligg i prosjekta med å gjera verda verdsomspennande som oppmuntra den eine og driv den andre.

Kulturen er mellom dei få tinga som framleis held Nasjonalstaten i live. Eliminasjonen av kulturen vil vera nådestøyten. I gravferda vil ingen møte fram, og dette ikkje på grunn av mangel på kunnskap, men av mangel på “rating”.

VI. Manifest og manifestasjonar

Den krigarhandlinga som innviar det nye hundreåret er ikkje pulveriseringa av tvillingtårna, og heller ikkje det nyttelause og uspektakulære fallet til statuen av Hussein. Det 21. hundreåret tek til med det globaliserte “NEI TIL KRIGEN” som tok tilbake menneskeslekta sin essens og limte den saman i ei felles sak. Lik aldri før i menneskeslekta si historie, vart planeten rista av dette “NEI”.

Frå alle typar intellektuelle til ualfabetiserte innbyggjarar frå ignorerte avkrokar av planeten har dette “NEI” omskapt seg til ei bru som bitt saman lokalsamfunn, bygder, provinsar, land, kontinent. Gjennom manifest og manifestasjonar søkte dette “NEI” å byggja oppatt fornufta i møtet med styrken.

Sjølv om dette “NEI” vart til dels forstemma med okkupasjonen av Bagdad, er det meir håp enn impotens i ekkoet. Men likevel, nokre har flytta seg på det teoretiske planet, og endra spørsmålet frå “Kva skal me gjera for å stogga Krigen?”, til dette andre spørsmålet: “Kva vil verta den neste invasjonen?”

Det finnes dei som held fast på, i god tru, at sidan regjeringa til USA seier at den ikkje vil gjera noko mot Cuba, er det ingen grunn til å frykta ein nordamerikansk militæraksjon mot den karibiske øya. Den nordamerikanske regjeringa sitt begjær etter å invadere og å okkupera Cuba er reelt, men det er noko meir enn berre begjær. Det er allereie planar, med vegar, tider, troppestyrkar, etappar, delvise og påfylgjande mål. Cuba er ikkje berre eit territorium som kan erobrast, men framfor alt ei skam. Ein uakseptabel bulk i den luksuriøse bilen til den nyliberale moderniteten. Og marinesoldatane er verkstadsarbeidarane. Om desse planane vert konkretiserte vil ein snart sjå, slik ein ser det i dagens Irak, at målet ikkje var å styrta hr. Castro Ruiz, og heller ikkje å setja i verk ei endring av det politiske regimet.

Invasjonen og okkupasjonen av Cuba (eller av eit kva som helst anna punkt i verdas geografi) har ikkje behov for dei intellektuelle som er “overraska” over ein Nasjonalstat (i dette tilfellet til den siste som held seg som ein slik i Latin Amerika) sine interne kontrollhandlingar.

Om den nordamerikanske regjeringa ikkje eingong let seg forstyrra av den lunkne motstanden frå FN og regjeringane i den fyrste verda, og ikkje tok notis av den eksplisitte domen frå millionar av vesen over heile verda, vil orda og motstanden frå dei intellektuelle hverken oppmuntra eller stogga den (når ein snakkar om Cuba, for ikkje mange dagar sidan vart denne “heroiske” handlinga til israelske soldatar kjend: dei avretta ein palestinar med eit skot i nakken. Palestinaren var 17

månader gamal. Vart det fremja nokon deklarasjon, noka manifest med indignerte underskrifter? Valfri gru? Utslite hjerte? Eller inkluderer “me fordømmer kvar som helst og frå kven som helst” frå no og til evig tid alle og kvar einskild av terrordosane som ovanifrå vert påført dei som er nede? Er det nok å seia “nei” ein gong?).

Heller ikkje vil protestmobiliseringane halda den attende, sjølv om dei er svært massive og samanhengande, og sjølv om desse er innanfor den Amerikanske Unionen.

Eg vil seia: IKKJE UTAN HJELP.

Eit fundamentalt element er motstandskapasiteten til den overfallne, kløkta som kombinerer dei ulike motstandsformene, og, noko som kan lyda “subjektivt”, avgjersla til dei overfallne menneska. Det territoriet som skal erobrast (om det heiter Syria, Cuba, Iran, fjella i det søraustlege Mexico) måtte i eit slikt tilfelle omskapa seg til eit territorium i motstand. Og eg refererer her ikkje til talet på skyttargraver, våpen, idiot-feller og tryggleikssystem (som, utan å vera absolutt, også er naudsynte), men disponeringa (“Moralen” vil nokon seia) til desse menneska for å øva motstand.

VII. Motstanden

Krisene kjem før bevisstgjeringa om deira eksistens, men refleksjonen over resultata eller utvegane frå desse krisene, skapar seg om til politiske handlingar. Avvisinga av den politiske klassa er ikkje ei avvising av politikken, men avvisinga av ei form for politikk.

Det faktum at det ikkje kan augnast noka ny definert form for politikk i utsynet frå Maktas luftslott, tyder ikkje at ei slik form for politikk ikkje allereie gjer seg gjeldande i få eller mange av dei fragmenterte samfunna over heile verda.

Alle motstandsrørslene i menneskeslektas historie har verka nyttelause, ikkje berre i innleiinga, men også langt på veg inn i aggresjonens natt. Men tida renn, paradoksalt nok, i favør av motstanden, om denne er budd på det.

Mange statuar kan styrta, men så lenge avgjersla til generasjonar held seg fast og nærar seg, er motstandens triumf mogleg. Det vil ikkje ha hverken ein bestemt dato eller pompøse opptog, men det profeterte samanbrotet til eit apparat som omskapar sitt eige maskineri til sitt prosjekt for den nye orden, vil til slutt vera totalt.

Eg preikar ikkje om det tomme håpet, men eg minner om litt av den globale historia og, i kvart einskild land, litt av den nasjonale historia.

Me kjem til å vinna, ikkje fordi det er vår lagnad eller fordi det står slik skrive i kvar og ein av våre respektive biblar for opprør eller revolusjon, men fordi me arbeider og kjemper for det.

For å oppnå dette trengs det litt respekt for den andre som øver motstand på ei anna side med sitt vis å vera annleis på, stor audmjuke for å hugsa at ein framleis kan læra mykje av denne andre, og visdom for ikkje å kopiera men laga ein ny teori og praksis som ikkje inkluderer hovmod i sine prinsipp, men som ser horisontane og dei verktøya som kan nyttast på desse horisontane.

Det er ikkje snakk om å gjera dei eksisterande statuane meir solide, men å arbeida for ei verd der statuane sin einaste funksjon er at fuglane kan skita på dei.

Ei verd med plass til mange motstandsformar. Ikkje motstandens internasjonale, men eit mangefarga flagg, ein melodi med mange tonar. Om den er di-sonant er det berre fordi dei nedanifrå framleis held på med å setja saman partituret der kvar einaste note finn sinn plass, sitt volum og, framfor alt, sitt forhold til dei andre notane.

Historia er langtfrå slutt. I framtida vil samliva vera moglege, ikkje som resultat av krigane som søkte å dominera den andre, men som resultat av alle dei “nei” som gav menneska, som dei gjorde i forhistoria, ei felles sak, og, med denne ei von om overleving... for menneskeslekta, mot

nyliberalismen.

Frå fjella i det søraustlege Mexico.

Subcomandante insurgente Marcos.